



Til føresette ved Meland ungdomsskule

4.januar 2021

Søndag 3. januar fekk ungdomsskulane i landet pålegg om å gå over til raudt nivå i høve til smittevern frå og med 4. januar.

For Meland ungdomsskule handler dette om å ha eit større fokus på avstand mellom dei ulike kohortane. I dag har det vore eit gul-raudt nivå på smittevernet der vi har prøvd å få elevane til halde seg i sin kohort og bevege seg slik at dei ikkje kjem i kontakt med dei andre kohortane på skulen.

Vi prøver så langt det er mogleg å halde på vanleg undervisning, og det har vi plass til å gjennomføre, så fremt elevane held avstand frå kvarandre. Det er dette som er den største utfordringa.

Eg har vore rundt i alle klassane og informert om kvifor vi er på raudt nivå, samt prøvd å formidle kva som krevjast av den enkelte. Dei fleste forstår det, medan nokre kjenner på at det er unødvendig med så mange reglar. I friminutta har alle elevar vore ute, noko som er upopulært med tanke på kor kaldt det er no.

Vi i leiinga vil ha møter med lærarane for å finne løysingar som fungerer betre. Eg har også bedt elevrådet samle seg i morgon for å finne gode løysingar saman med meg. Eg vil sjå på utviklinga dei neste dagane for å sjå om det er nødvendig med ytterlegare grep for å følgje smittevernet, og samtidig gi god undervisning.

På bakgrunn av dette vil vi fortsetje dei neste dagane med vanleg undervisning og vanleg timeplan med nokre justeringar:

- Kroppsøving og valfag vil ikkje bli gjennomført på skulen, men elevane vil gå tidligare frå skulen eller komme seinare på skulen, og i staden få heimeoppgåver i desse faga. Dette gjeld i to veker. Dersom perioden for raudt nivå fortset vil vi legge til rette for at også desse faga vil bli gjennomført på skulen.
- Fremmedspråk vil bli gjennomført i kohortar, men med fjernundervisning frå lærarane. Også her må vi endre dersom perioden blir lengre.

Dersom deira born er har symptomer på forkjøling eller er sjuk på andre måter må han eller ho haldast heime, og det er anbefalt å gjennomføre ein koronatest.

Vi håpar at det berre er snakk om raudt nivå i dei neste to vekene, men i mellomtiden ville det vore fint om de også snakka med deira born om kor viktig det er at vi held avstand no i nokre veker for å unngå ei auke i smittetal.

Eg vil på bakgrunn av erfaringar frå i dag og i morgon avgjere om vi må tilby heimeundervisning nokre dagar for å kunne ha godt smittevern kombinert med god undervisning. Dette vil eg informere om i morgon.

Med venleg helsing

**Morten Rosvold** | Rektor Meland ungdomsskule

Telefon: 56 17 14 00 (skulen), 56 17 14 10 (kontor), 472 60 190 (mobil)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

---

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE